

# FORRETNINGSUTVIKLAR FORNYBAR ENERGI



SKL er ein vasskraftprodusent som årleg produserer om lag 2.700 GWh elektrisk energi. Det er nok til 150.000 husstandar – eller om lag forbruket til Bergen by. Vasskraft er naturleg og berekraftig. Me forvaltar våre felles naturressursar og gjev energi attende til lokalsamfunnet.

SKL har stort fokus på vekst innan fornybar energi. Hausten 2020 sikra SKL seg eigarskap DWO AS, eit selskap som satsar på havvind nasjonalt og internasjonalt.

I 2021 etablerte me Hydrogen Solution AS (HYDS), med formål å utvikla, bygga, drifta og eiga anlegg som produserer grøn hydrogen.

Me treng fleire med på laget som trur at ei grøn og fornybar framtid gjev oss unike fordelar.

Di rolle er å leia, bidra til, og gjennomføra strategiske utviklingsprosjekt. Du er ein del av teamet som jobbar med å ta oss vidare, og blir sentral i selskapet sine målsetningar knytt til utvikling og vekst. Du har god kommersiell forståing, har relevant høgare utdanning og nokre års erfaring frå industri, konsulentverksemd, forretningsutvikling og/ eller prosjektleiing.

Du er ein relasjonsbygger og lagspelar, har eiga drivkraft til å kalkulere, analysere og gjennomføre prosjekt.

Kontakt oss gjerne for ein uforpliktande prat om stillinga.

**Kontaktperson er avdelingsleiar Kjetil Harestad, mobil 97 55 60 49.  
E-post: [kjetil.harestad@skl.as](mailto:kjetil.harestad@skl.as)**

Send søknad og CV innan 17. oktober 2021 til [jobb@skl.as](mailto:jobb@skl.as)